



NYTT UNDER STOREN 3-17

Internavis for Luster kommune



Gode medarbeidar.

Når året går mot slutten så er det gjerne tid for å reflektere og tenkje litt tilbake. Inn i 2017 var det avklart at kommunereforma vart lagt vekk i Luster, men samtidig dukka det opp større utfordringar i kommuneøkonomien, kraftinntektene vart mindre enn me hadde rekna med.

Korleis tilpasse drifta med litt mindre økonomiske ressursar har difor vore eit sentralt arbeid i 2017. Etter noko grunnlagsarbeid omkring skulestruktur så vart og den saka lagt vekk. Andre innsparingar og auka inntekter med utviding av eigedomsskatt har så vore prioritert i vidare arbeid.

Eit viktig grunnlagsarbeid for å vurdere innsparingstiltak har vore å sjå noko på samanlikningar med andre kommunar. Ein såkalla KOSTRA-analyse har gitt innspel til tiltak der det skulle vere mulig å bruke noko mindre økonomiske ressursar. Med noko knappare driftsrammer må det arbeidast med å redusere bemanning og dermed lønsutgiftene.

Kommunestyret har no vedteke eit budsjett og opplegg for neste år. Arbeidsplanen er at me skal gå ut av året 2018 med 10 stillingar mindre enn dagens, noko generell innstramming og auka inntekter med utvida eigedomsskatt. Med dei prognosane me no ser må langt på veg same medisinen nyttast for 2019. Greier me det så syner økonomiplanen ein balanse som friskmelder kommuneøkonomien igjen. På papiret ser det greitt ut, men det vil nok vere krevjande arbeid.

Å effektivisere administrasjonen og bruke noko mindre lønn innan grunnskule er to sentrale tiltak. Dei personalmessige konsekvensane trur eg me skal greie på ein god måte via naturleg avgang, ev permisjonar og/eller prosjektfinansiering.

Det mest krevjande vil verte å fortsatt greie arbeidsoppgåvene tilfredstillande og oppretthalde eit godt servicenivå.

Det er positivt å sjå at mange utviklings- og utbyggingstiltak i kommunen vert realiserte. I 2017 er skuleanlegget på Hafslo- barne og ungdomsskule fullført, Rådhuset har fått eit vesentleg ansiktsløft og tilbygg og renovering i Jostedal barnehage er på plass. Folketalet aukar og det vert på mange område arbeid aktivt for å nå målsetjingar i kommuneplanen om at me skal ha ein god kommune å bu i, ein god kommune å besøke og ein god kommune å drive bedrift i.

Me har eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet. I det daglege vert drift og tenester haldne oppe med gode resultat. Mange tilsette gjer ein flott jobb for å sikra dette. Det er ikkje kommuneleiinga som skal ha æra for dette, men du som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar.

Det er likevel slik at det er mykje å ta tak i både av små og store oppgåver i tida som kjem. Me må vere utålmodige etter å bli betre. Om me likar det eller ei så vil me møte endringar framover, digitalisering og organisasjonsutvikling er kvardagsord som vil påverke arbeidsdagen for mange av oss. Stort eller lite, endring eller ikkje endring, eg håpar me skal få til god informasjonsflyt, medverknad og lagarbeid for eit godt og triveleg arbeidsmiljø som på ein god måte tek utfordringane i Luster kommune framover.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste.

Eg takkar for god innsats i 2017 og ynskjer deg og dine ei retteleg



Jarle Skarv
Rådmann

*God Jul og
Godt nyttår!*



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 03.10.2017 - 31.12.2017

Velkomen!

Indre Hafslo oppvekstsenter:

Inger Marie Evjestad – rektor/styrar

Luster bibliotek:

Maja Engelke – bibliotekmedarbeidar

NAV Luster:

Michael Løffler

Teknisk drift:

Therese Hilleren

Takk for innsatsen!

Luster legekantor:

Peter Kjær Nielsen - lege

Teknisk drift:

Jimmy Hilleren –vaktmeistar/reinhaldar

Magne Gilen - røyrlleggjar

Marit Leirdal - reinhaldar

Servicetorget:

Liv Helen Nystuen - konsulent

Hafslo barnehage:

Wenche Aspelund Linde – fagarbeidar

Indre Hafslo oppvekstsenter

Knut Hauge – rektor/styrar

Jostedal oppvekstsenter

Marie Fredheim

Grandmo busenter:

Astrid Margrete Hansen - hjelpepleiar

Sigrun Fristad -heimhjelp

Hafslo omsorgssenter:

Steinar Ledvin Teigen - hjelpepleiar

Ann Elisabeth Skjerven - fagarbeidar

Sigrun Lomheim - assistent

Susanne Hatlevoll - hjelpepleiar

Karoline Fet - sjukepleiar

Gaupne omsorgssenter:

Anja Veum - sjukepleiar

Luster omsorgssenter:

Sissel Irene Langeteig - hjelpepleiar

Sjekk din kommunale e-post!

Nyttig informasjon kan gå tapt om du ikkje jarnleg loggar
inn på din kommunale e-post.

Følg Luster kommune på Facebook!

Her legg me ut informasjon det kan vere nyttig å få med
seg. Me set pris på om du og vil lika sida vår.



Informasjon

Digitale sjukmeldingar:

Tidlegare i år tok me i bruk digital sjukmelding. Det har
etter dette vore mogleg å sende del C av sjukmelding frå
fastlege elektronisk til arbeidsgjevar via NAV.

Frå 15.01.18 vil også søknad om sjukepengar (del D) bli
elektronisk. Mykje vil skje automatisk framover, så om du
har fleire arbeidsplassar, tilknytt fleire bedriftsnummer i
Luster kommune må alle gjevast opp til Legen når ein får
sjukmelding.

Det vil bli sendt ut informasjon om dette til alle tilsette i
starten av januar.

Kaffi / te på arbeidsplassen:

Viser til kartlegging av ordning med kaffi/te på
arbeidsplassen/einingane. Denne viste at det var høgst
ulike ordningar på kaffi/te.

Rådmannen har vurdert dette og har vedteke at det må
vere ei lik ordning/like satsar for alle tilsette i Luster
kommune.

Frå 01.01.2018 vil følgjande bli innført:

- Tilsette i stilling inntil 50%: kr 50,-
- Tilsette i stilling frå 51% til 100%: kr 100,-
- Tilsette på Rådhuset: i stilling inntil 50% kr. 70,- inkl.
frukt, i 51% - 100% kr 140,- inkl. frukt

For tilsett på rådhuset som ikkje vil ha frukt, vert satsane
som for tilsette utanfor rådhuset.

Tilsette i barnehagane: Satsane gjeld for dei som ikkje har
kosttrekk.

Rådmannen har høve til å justere satsane i samband med
det årlege budsjettarbeidet.

Tilsette som ikkje skal vere med i ordninga (som ikkje drikk
kaffi/te), må meldast til lønn/personal via einingsleiar,
innan 13. desember 2017

Nye tilsette vert automatisk lagt inn på trekk!

Julegåve 2017

Dei siste åra har julegåve til alle tilsette blitt erstatta med ei gåve
til eit godt føremål.

Luster Kommune gir i år julegåva på kroner 25.000,- til
Bjørn Skovli/Lions sitt arbeid for fattige barn i Uganda.

I 2016 gikk julegåva til Barnekreftavdelinga.

I 2015 gikk julegåva til Redd Barna.

I 2014 gikk julegåva til Leger utan grenser.

I 2013 gikk julegåva til hjelpearbeidet på Fillippinane.

Arbeidsmiljøutvalet ynskjer at julegåva i år
går til ein lokal organisasjon
som jobbar for barn.


Valet fall på Bjørn Skovli/Lions Club Luster.



KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Stø satsing på vidareutdanning i Oppvekst:

Dei seinare åra har det vore eit markant oppsving i tal lærarar som tek formell vidareutdanning både nasjonalt og i Luster. Bakgrunnen for satsinga på vidareutdanning er nye krav til undervisningskompetanse i fag. Inneverande skuleår tek sju lustralærarar høgskulestudium attåt jobben i klasserommet.

Dei nasjonale kompetansekrava som vart gjort gjeldande frå juni 2015 tilseier at lærarar som underviser i faga norsk, engelsk og matematikk på barnesteget må ha 30 studiepoeng som er relevante for det aktuelle faget. På ungdomssteget er kompetansekravet 60 studiepoeng i basisfaga norsk, engelsk og matematikk og 30 studiepoeng i andre undervisningsfag.

Krava gjeld alle fast tilsette. Etter opplæringslova har lærarar som har fullført allmennlærerutdanning, eller som oppfylte tilsetjingskrava før 1. januar 2014, automatisk dispensasjon frå desse krava til relevant undervisningskompetanse. Dispensasjonen gjeld til 1. august 2025.

Denne dispensasjonen gjer at kommune-Noreg saman med stat, arbeidstakarorganisasjonar og studiestadar lyt ha eit målretta og systematisk samarbeid om vidareutdanning i tiårsperioden fram mot 2025. Gjennom den nasjonale vidareutdanningsstrategien Kompetanse for kvalitet, får kommunane faste tilskot for å kunne prioritera og styrka vidareutdanning i stort omfang.

Behov for engelsk

I år er det særleg engelsk som har vore prioritert i Luster. Fem lærarar studerer engelsk medan to lærarar styrkar kompetansen sin i norskfaget. I fjor var matematikk det mest populære vidareutdanningsfaget her i kommunen. Det er først og fremst i basisfaga det er trong for vidareutdanning. Her merkar særleg engelsk på barnesteget seg ut, jf. også kompetanseanalysen som vart gjort saman med Telemarksforsking i samband med grunnlagsarbeidet til skulebruksplan. Generelt står det bra til med fagkompetansen i lustraskulen.

Samanlikna med dei andre nabokommunane har Luster kommune prioritert formell vidareutdanning ekstra høgt. Dette gjeld både vidareutdanning for å tilfredsstilla dei formelle kompetansekrava og vidareutdanning for å tilføra skulesektoren ny og spissa kompetanse på ulike fagfelt, til dømes læringsleing og lese- og skriveopplæring .

Vikarordning eller stipendordning

Lærarar som vil ta vidareutdanning kan velja mellom to ordningar; anten ein vikarordning med 37,5 % frikjøpt tid

eller ei stipendordning der staten gjev 100 000 kr til lærarar som tek 30 studiepoeng. Flest lærarar vel vikarordninga. Det økonomiske bidraget frå staten var i 2017/18 eit tilskot på 240 000 kr for kvar lærar som tek matematikk eller naturfag og 192 000 kr for lærarar som tek andre prioriterte fag.

Forutan satsing på vidareutdanning i undervisningsfag, vert også leiarutdanning prioritert. I forfjor tok to rektorar i Luster den såkalla rektorskulen og dette året har ein styrar byrja på den nasjonale leiarutdanninga for barnehagestyrarar. I tillegg til vidareutdanningsprogram for pedagogar og leiarar, finst det også nasjonal vidareutdanning for tilsette og leiarar i PPT.


Intern kompetanseheving

I barnehage og skule skjer det også mykje såkalla uformell eller intern kompetanseheving, anten gjennom arbeidsplassbasert kompetanseutvikling eller ved at enkelttilsette eller grupper tek til dømes nettkurs.


Ungdomsskulane har nyss vore gjennom Ungdomstrinn i utvikling, ei satsing kor skrivning på tvers av fag har vore det lokale faglege hovudfokuset, og der Høgskulen på Vestlandet har samarbeidd nært med ressurspersonane på dei to ungdomsskulane om korleis dei tilsette skal tileigna seg ny fagkunnskap og metodar.

Både innafør barnehage og skule har mange tilsette dei seinare åra teke eit lengre nettkurs om språkutvikling (barnehage) eller førebygging av lese- og skrivevanskar (skule). Inneverande barnehageår tek fem pedagogar det ti-leksjonar-lange nettkurset om barn og språk.

Dei tilsette i barnehagane og skulane i Luster må seiast å vera fagleg nyfikne og positive til å ta del i både uformell og formell kompetanseutvikling. Kommunen har ei viktig rolle i å støtta oppunder vidareutdanning på alle nivå.



Skuleåret 2017/18 er det 7 lærarar som tek vidareutdanning i Luster. Dei to føregående åra var det høvesvis 11 og 12 lustralærarar som sat på studiebenken.



Opprett di digitale postkasse no!

Hjelp oss å ta framtidens steg, og få tilgang til posten din på ein trygg måte - same kvar du er i verda.

Luster kommune sender mykje post digitalt. Målet er å auka effektiviteten i sakshandsaminga, redusera papirforbruk, redusera CO2-utslepp knytt til transport, og å minska kostnadane.

Hjelp oss å ta framtidens steg, og opprett di digital postkasse i dag. Med ei slik postkasse får du post frå kommunen og andre offentlege instansar digitalt, trygt og alltid tilgjengeleg!

Medarbeidarundersøkinga 2017:

Medarbeidarundersøking vart gjennomført vinteren 2017. Einingssleiarane sitt ansvar for vidare prosess med gjennomgang av resultat, utveljing av 1-3 område ein ville jobbe vidare med, utforming og gjennomføring av tiltak vart omtalt på leiarmøte, leiarsamtalar osv. Tillitsvalte og tilsette si rolle og ansvar var vektlagt.

Ein del einingar har gått gjennom resultatane, valt ut kva dei vil jobbe vidare med, forma ut og gjennomført tiltak. Nokre har og evaluert heile prosessen.

Har di eining enno ikkje gått gjennom resultatane, bestemt kva ein vil fokusere på, forma ut og gjennomført tiltak? Då bør einingsleiarar saman med tillitsvalte og tilsette gripe tak i dette. Du som tillitsvalt eller tilsett bør etterspørje dette.

Uønska deltid -

Arbeid for heiltidskultur i Luster kommune:

Kvart år får fast deltidstilsette høve til å registrere seg med ønske om auka stilling.

Ny kartlegging i november 2017 syner at 53 fast tilsette har registrert at dei ynskjer høgare stillingsprosent. Fleire av desse har stillingsprosent tett oppunder ønska storleik. Fleire ynskjer ikkje auka stilling annan stad enn der dei alt jobbar. Det er ynskje om auka stilling innan alle områda, men dei fleste er i omsorg og oppvekst.

Hovudtariffavtalen forpliktar partane i arbeidslivet til å jobbe for heiltidskultur og lage lokale retningslinjer for dette. I Luster kommune definerer me stillingar på 80% eller meir som heiltid. Ei arbeidsgruppe med tre hovudtillitsvalte og to frå administrasjonen har laga framlegg til overordna retningslinjer for fremjing av heiltidskultur. Desse skal handsamast i Arbeidsmiljøutvalet og til slutt i Administrasjonsutvalet.

Årshjulstiltak 2017



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidersamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tenesteplan (frå einingane)
- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Brukarundersøking Omsorg

Komande tiltak:

- Årsrapportering

FOKUS - område 2018:

- KOSTRA – budsjett og rekneskap som i større grad er samsvarande med KOSTRA-veiledar.
- Økonomiarbeidet – fornying av opplegg, ta i bruk digitalt verktøy som ser analyse, konsekvensar og budsjettering i samanheng.
- OrganisasjonsUtvikling – revurdering av organisasjonskart, først og fremst OU-rådhuset.
- Digitalisering – auka bruk av digitale løysingar, utvida den digitale kommunikasjonen.
- Tilskotsregime – revurdere ordningar innan landbruk/næring og kultur.
- Planarbeid – KPA, KTP og prioritert reguleringsplanarbeid.
- Anna utviklingsarbeid – mykje utviklingsarbeid, i stor grad eksternt finansiert, innan dei ulike tenestoområda.

